

## **RETNINGSLINER FOR TIME SENIOR- OG BRUKARRÅD**

1. Time Senior- og Brukarråd blir valt av kommunestyret for den kommunale valperioden og etter reglar gitt i kommunelova av 22. juni 2018 nr. 83 § 5-12 og forskrift om medvirkningsordningar av 17. juni 2019 nr. 727.
2. Time Senior- og Brukarråd skal ha 9 medlemer. Tre av medlemene med tre varamedlemer skal veljast etter framlegg frå pensjonistlaga. Eit medlem blir valt frå Utval for Lokal utvikling, og eit medlem frå Utval for Levekår, desse skal ha tre varamedlemer. Desse skal også vera medlemer av kommunestyret. Fire brukarrepresentantar med vararepresentantar vert oppnemnde slik: To frå funksjonshemma sine interesseorganisasjonar, ein for pårørande til brukarar av omsorgstenester og ein innvandrar/flyktning. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar blant medlemene, jf. forskrifta § 3.
3. Sekretariatsfunksjonen er lagt til Politisk sekretariat.
4. Senior- og Brukarrådet er eit rådgjevande organ som skal stimulera til kreativitet og kvalitet på tenester og bidra til engasjement og medverknad. Dei har spesielt ansvar for å uttala seg i saker som gjeld funksjonshemma og seniorane sine levekår. Dette gjeld mellom anna tilkomst, arbeid mot diskriminering på grunnlag av nedsett funksjonsevne og tenester for menneske med nedsett funksjonsevne. Rådet kan også ta opp saker på eige initiativ.
5. Senior- og Brukarrådet skal fylgja møteplanen for dei faste utvala og kommunestyret. Det skal utarbeidast møteplan for eitt år om gongen. Leiaren har ansvar for at innkalling blir sendt i god tid og samarbeider med sekretæren om saker som skal leggjast fram. Det skal førast protokoll frå møta. Framlegg/vedtak skal fylgja saksdokumenta til det/dei kommunale organa som tek avgjerd i saka. Leiaren og rådet sine medlemmer skal ha godtgjering for arbeidet etter vilkår som til ei kvar tid gjeld for kommunale nemnder.
6. Senior- og Brukarrådet arbeider kvart år ut ei årsmelding om arbeidet sitt. Meldinga skal sendast til kommunestyret til orientering.